

Stavanger – Jelsa – Sand – Suldal – Hylsskaret – Mokleiv
Nesflaten – Brattlandsdalen – Suldalsskaret – Røldal
Ein tur med båt, buss og vandringar

3. - 7. juli 2024

Velkommen til

Pilegrimsreise

frå Stavanger til Røldal


Jelsa



Mokleiv i Suldal



Sand



Røldal

Medvandarar:
Espen Gya,
sokneprest i Sauda



Arrangør: Utstein Pilegrimsgard og Den Norske Kyrkja



Velkommen til pilegrimsreise frå Stavanger til Røldal 3. – 7. juli 2024

Frå byen ved havet dreg me inn fjordane, gjennom grøderike dalar og over høgfjellet til pilegrimsmålet. På reisa er me innom innom tre kyrkjer før me kjem fram til stavkyrkja i Røldal. Undervegs blir det korte samlingar – og tid til stillheit. Sokneprest i Sauda, **Espen Gya**, vil vera med som pilegrimsprest. Fast tema for desse vandringane er «helse, helhet og hellighet», og i år vil me setja dette i samheng med naturen og Guds forhold til alt det skapte.

Røldal var, etter Nidaros, det mest kjende pilegrimsmålet i Norge i middelalderen. I hundrevis av år søkte pilegrimar frå fjern og nær det undergerjande krusifikset.

Bli med på ein innhaldsrik tur med buss, båt og vandringar. Det blir gudstenester, tidebøner, meditasjoner, samtaler og gode måltidsfellesskap.

Turen endar i Røldal der me er med på Pilegrimsstevne som startar fredag med konsert i kyrkja.

Lørdag er me med på mellom anna pilegrimsseminar, krossvandring og midnattsmesse.

Velkommen!

Om vandringane

Vandringane er i varierende, kupert terreng. Nokre stader kan det være vått i marka, så vanntette fjellstøvlar er ein fordel. Bagasjen vert frakta med bil, men ein liten sviptursekk for niste kan være greitt å ha med.

Over Hylsskaret er det først 20 minutter bratt stigning, så eit flatare parti før bratt nedstiging. Veggen går til dels på mosegrodd stein. Til slutt går me eit strekk langs landevegen.

Fredag 5. juli er det to alternativar.

Du kan velje blomstervandring i Mokleiv og så ein fin busstur med fleire stopp gjennom vakre og dramatiske Brattlandsdalen til Botnen ved Røldalsvatnet. Der møter me igjen dei som har valt det andre alternativet:

Ei ganske krevjande vandring på 5 - 6 timar over Suldalsskaret. Her går me i bratte bakkar, over lyng og stein, gjerne óg over mindre snøskavlar og gjennom tett skog. Fleire stader må me hjelpa kvarandre over bekkar.

Krossvandringa i Røldal på lørdag kveld går i ganske lett terreng, litt stigning i starten og så berre nedoverbakke. Men her kan det være glatte steinar, så du må passe på kor du trør!

Program

Onsdag 3. juli

10.30 Samling ved Petrikyrkja i Stavanger. Lunsj og bli kjent-samling i Petrikjelleren. Hurtigbåt fra Stavanger 12.25. Ankomst Jelsa 13.50. Vandring på Jelsa (2,5 km), besøk i kyrkja, skulemuseet, sagnet om Røldals-krusifikset. Hurtigbåt fra Jelsa 16.50. Til Sand 17.35. Innkvartering på hotell, middag, besøk i kyrkja.

Torsdag 4. juli

Kort vandring på Sand (1,5 km). Buss eit stykke opp dalen før vandring gjennom Suldal (7 km) til nattverdfest i kyrkja. Matpakkelunsj. Buss eit stykke vidare før vandring over Hylsskaret og til Mokleiv (4 km). Middag og kveldssamvær i Mokleiv. Buss til Nesflaten og overnatting på Energihotellet.

Fredag 5. juli

Denne dagen har du to alternativar:



Du kan velje ei roleg blomstervandring i det fine kulturlandskapet i Mokleiv (ca. 2 km) med tidlegare domprost i Stavanger, **Berit M. Andersen** (bildet).

Eller du kan velje ei bratt vandring på 5 - 6 timar (ca 8 km) på den gamle pilegrimsvegen over Suldalsskaret, frå Skitli ovanom Nesflaten, til Botnen ved Røldalsvatnet.

Buss frå Botnen til Røldal. Velkomst i kyrkja, innlosjering i hytter, middag og konsert i kyrkja. Seinare på kvelden er det pilegrimssamling på grendehuset i Røldal.

Lørdag 6. juli

Pilegrimsstemne i Røldal:

Tidebøner, stille time, bygdevandring, pilegrimsseminar, krossvandring (6 km) og midnattsmesse.

Søndag 7. juli

Morgonsamling i kyrkja, frukost og avslutning. Turen sluttar her. Rutebuss og hurtigbåt tilbake til Stavanger. Rutebuss til Bergen eller Oslo. Returreisa betalar kvar enkelt sjølv.

Praktisk informasjon

Tid:	Onsdag 3. juli – søndag 7. juli 2024
Arrangør:	Utstein Pilegrimsgard, tlf. 468 15 769
Turleiarar:	Espen Gya og Eirik Moe
Plass:	14 deltakarar.
Overnatting:	Hotell på Sand og på Nesflaten. Hytter i Røldal. Oppreidd seng.
Pris:	I dobbeltrom kr 6.800,- Tillegg for enkeltrom: 1.600,- Prisen dekkjer alle utgifter undervegs og i Røldal.
Påmelding:	Innan 30. mai 2024 på våre nettsider: www.utsteinpilegrimsgard.no Du vil få faktura tilsendt etter påmelding. Påmeldingar vert registrerte fortløpande så lenge det er ledig plass. Sjå informasjon på våre nettsider om avmelding og refusjon.
Ta med:	Dagstursekk, termos, sitjeunderlag, høvelege klede og vanntette sko/fjellstøvlar.

UTSTEIN
PILEGRIMSGARD

www.utsteinpilegrimsgard.no



Den norske kyrkja